

FLATLUS

KVA ER FLATLUS?

Flatlus (*Phthirus pubis*) er ei 2 mm stor lus som vanlegvis festar seg til kjønnsåra. Flatlus kan også finnast i armholer, på bryst/mage, i skjegg, i augevippar og augebryn. Hos barn og eldre kan lusa også observerast i hovudhåret.

KORLEIS KAN EG MERKE AT EG HAR FLATLUS?

Kløe nedantil er det vanlegaste teiknet på flatlus. Kløe er ein allergisk reaksjon på lusebitt. Kløe kan igjen føre til kloring, raudleik og betennelse i huden. Lusa får næring ved å suge blod. Egga blir klekte ei veke etter at dei er lagde. På huden og på undertøyet kan ein sjå luseavføring og skinnnet frå daude lus.

KORLEIS KAN FLATLUS SMITTA?

Flatlus smittar vanlegvis ved seksuelt samver. Overføring via handklede, sengetøy og klede er uvanleg. Lusa kan overførast til barn ved kroppskontakt.

KAN EIN TESTA SEG FOR FLATLUS?

Du kan sjølv så lus og egg. Egga festar seg til hårstråa som perler på ei snor. Legen kan stilla diagnosen ved mikroskopering.

KORLEIS BLIR EG KVITT LUSA?

På apoteket får du kjøpt Prioderm liniment utan resept. Følg brukarretteiinga! Linimentet skal du vaska av etter 12 timar. Hugs å gjenta behandlinga etter 8-14 dagar. Ein sjeldan gong kan lus setja seg i augebryn og -vippar. Fjern i så fall desse med pinsett. Gravide skal ikkje bruke Prioderm. Små barn bør berre behandlast i samråd med lege.

KORLEIS KAN EG UNNGÅ Å BLI SMITTA ELLER Å SMITTA ANDRE?

Kondom vernar ikkje mot flatlus. Oppsøk lege ved mistanke slik at diagnosen kan stillast og behandling kan setjast i gang. Den som får påvist flatlus, skal ikkje ha sex før begge behandlingane er fullførde. Seksualpartner må få beskjed om å behandla seg.

KORLEIS SKAL EG REINGJERA HUSET FOR Å VERA SIKKER PÅ AT EG ER KVITT LUSA?

Omfattande reingjering av klede, dyne/madrass og inventar er ikkje naudsynt. Legg på reint sengetøy etter at du har vaska av linimentet. Flatlus i til dømes klede vil døy ved oppvarming til 60° C i 5 minutt og ved frysing i eitt døgn.

KAN EG FÅ FLATLUS VED Å NYTTA OFFENTLEGE TOALETT, BAD, DUSJ ETC.?

Nei.

KAN KATT ELLER ANDRE HUSDYR FÅ FLATLUS?

Nei.

Har du spørsmål, kan du vende deg til:

Avdeling: Poliklinikk for seksuelt overførbare sjukdomar, Hudavdelinga.

Telefon: 55973960

www.helsebergen.no

